



Det var bra fram møte til synfaringa på Børnes. Kommunen sin representant Jarle Fossheim er midt i flokken. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Jarle Fossheim ved kommunen sine tekniske tenester har ein draum, han håpar på at det skal se annleis ut på Børnes industriområde i Uskedalen før påske. Det gav han uttrykk for då han tok i mot eit knippe eigarar og brukarar av området under ei synfaring som kommunen hadde invitert til tysdag føremiddag. Men fristen for opprydding som kommunen no vil setta blir tre månader, opplyser Fossheim til uskedalen.no

Sju var invitert og åtte verksemdar samt ein eigar møtte på synfaringa. Alle gav uttrykk for positiv vilje til å rydda opp.

Tre månader kan verka som ein lang frist, men det er nødvendig hvis ryddinga skal ha noko mening. Fleire verksemdar gav uttrykk for at dei må gjera ei "ommøblering".

Bakgrunnen for initiativet frå kommunen er at dette skal bli eit mest mulig attraktivt område både for dei etablerte og for nyetablering.

- Vi har hatt påtrykk lengje om å gjera noko for å rydda opp her, faktisk i mange år. Og påtrykket har auka i det siste, ikkje minst frå Uskedalen og politikarane, sa Fossheim som presiserte at kommunen først vil prøva med gulrot-metoden.

- Det er eit mildt brev vi har sendt til dykk om saka fordi det bør vera ei lystbetont plikt å rydda opp her. Dei som held til på Børnes må vera interessert i at det blir ryddigare, sa han til dei fram møtte..

Men han minte om at kommunen eventuelt kan nytta reguleringsføresegner for å få bort det som ikkje passar på Børnes.

Ein av dei fram møtte som har kjøpt seg inn i området for stutt tid sidan hadde reagert på det han oppfatta som uthenging i media i samband med ryddeaksjonen. Fossheim presiserte at det var ein rein tilfeldigheit at aksjonen vart sett i gang akkurat no.

Sindre Stensletten, som har leigd tomt, har venta forgjeves i åtte år på å få kjøpa meir plass på Børnes og reagerte på den nyleg innsendte søknaden frå Trond Lekva Myklebust om å få sleppa til i området.

- Han har ikkje eingong godkjenning for sandtaket, påpeika han og sa at kommunen fyrst må ta omsyn til dei etablerte. Skal ein venta på Myklebust, kan det ta nye år, meinte han.

Dagleg leiar Marit Hjørnevåg sa at ein under det som no skal skje på Børnes må ta omsyn til Hjørnevåg si spesielle verksemd.

- Nei, fiskekakene må ikkje bli til sandkakar, bemerk ein.

Jarle Fossheim opplyste at næringsutvalet også vil bli teke med på synfaring på Børnes. Ole Torbjørn Holmedal, som også nyleg har kjøpt seg inn der, er medlem av dette utvalet og var med på synfaringa tysdag.

Av Ola Matti Mathisen